

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 14.06.2011

SAKLISTE

- 22/11 SKRIV OG MELDINGAR
- 23/11 GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAPEN 2010
- 24/11 GODKJENNING AV ÅRSMELDING 2010 FOR GULEN KOMMUNE
- 25/11 DRIFTSRAPPORT 1. TERTIAL 2011 MED REVISJON AV BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN
- 26/11 STATUSRAPPORT FINANSFORVALTNING
- 27/11 GODKJENNING AV FINANSREGLEMENT FOR GULEN KOMMUNE
- 28/11 PLAN FOR KOMPETANSEUTVIKLING I GULEN KOMMUNE 2011 – 2012
- 29/11 REGIONAL HELSE- OG OMSORGSPLAN FOR NORDHORDLAND
- 30/11 GNR. 23 FLOLID. REGULERINGSPLAN FOR TUSENÅRSSTADEN GULATINGET. DEKKING AV SAKSKOSTNADER
- 31/11 DALSBOTN VINDKRAFTVERK. HØYRING PÅ MELDING OG FORSLAG TIL UTGREIINGSPROGRAM
- 32/11 SANDØY VINDPARK. HØYRING PÅ MELDING MED FORSLAG TIL UTGREIINGSPROGRAM
- 33/11 GODKJENNING AV GBNR. 135/2 OG 135/12 BOTNEN OG GBNR. 136/6 HJARTHOLM INDRE. REGULERINGSENDRING
- 34/11 GODKJENNING AV GBNR. 135/1 OG 135/13 BOTNEN CAMPINGPLASS. REGULERINGSPLAN
- 35/11 KYSTARVEN – TILRETTELEGGING I GULEN
- 36/11 GULEN KOMMUNE – KLIMA- OG ENERGIPLAN 2011 – 2015

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 10.00.

Det vert orientering om utgreiingsprosjektet for ungdomsskolen i Gulen.

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no

Nye saker kan kome til. Møtet er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Ordførar Trude Brosvik

Sjukehus og samhandlingsreform

Det har vore mykje uro rundt Gulen sine saker om legevakt, val av lokalsjukehus og kven vi skal samarbeide med om samhandlingsreforma. På mange måtar er det naturleg at dette engasjerer og at det er ulike synspunkt på dette, slik vi ligg midt mellom Bergen og Førde, og når store deler av kommunen kommunikasjonsmessig har Bergen mykje nærare.

Legevakt

Gulen kommune har søkt om å få vere med i legevaktssamarbeidet i Nordhordland. Det er eit vertskommunesamarbeid, og Lindås kommune er vert. Det betyr at det er dei som bestemmer om vi får vere med. Regionrådet har tilrådd det. Administrasjonen i Lindås frårådde det, men

politikarane ba om å få saka betre utgreidd. Saka er ikkje behandla i Lindås endå.

Lokalsjukehus

Kommunestyret har sendt søknad til Helse Vest om å få bytte tilhøyre frå Helse Førde til Helse Bergen. Saka har vore behandla i Helse Vest, med eit svar som ikkje gjev overflytting men opnar for fleksible løysingar. Kommunen skal ha møte med styreleiar og direktør for Helse Vest i juni om saka, for å få nærare avklaring.

Samhandlingsreforma

I svært korte trekk inneber samhandlingsreforma at pasientane skal få meir tilbod i kommunane, både før og etter innlegging, og at kommunen skal betale 20 % av det sjukehusbehandligna kostar for enkelte grupper, opp til ein bestemt sum. Gulen har alt ei ordning der legane kan skrive pasientar inn på sjukeheimen til observasjon, slik at dei kanskje kan sleppe innlegging. Og vi har nesten ikkje ferdigbehandla pasientar som ligg på sjukehus. Men det er klart at den nye reforma stiller store krav, som kommunen helst må løyse i samarbeid med andre kommunar for å kunne gje innbyggarane gode nok tenester.

Gulen kommune har eit samarbeid med Nordhordland-regionen for å få til ei god samhandling. Men dersom vi ikkje får Haraldsplass som vårt lokalsjukehus, så vil ikkje dette fungere godt. Vi må derfor også sikre oss godt samhandlingsarbeid inn mot sjukehuset i Førde som per dato er lokalsjukehuset vårt. Det er gjort ved at vi har vedteke å vere med på nokre samhandlingsprosjekt saman med dei andre kommunane i Sogn og Fjordane. Formannskapet hadde møte med fylkeslegen, der dette temaet vart drøfta. Den klare tilbakemeldinga var at både legevakt og samhandlingsreforma bør løysast i lag med det som er lokalsjukehuset.

Og så er det faktisk slik at spørsmålet om vi skal høyre til Helse Bergen eller Helse Førde ikkje blir avgjort av kommunestyret i Gulen, men av styret i Helse Vest. Derfor er det i alle fall ordføraren si klare oppfatning at vi, for å sikre gode tenester til innbyggarane, må halde fram samarbeidet med Helse Førde til Helse Vest ev. har flytta foretaksgrensa og lokalsjukehuset vårt blir Haraldsplass.

Trude Brosvik



Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2011

Til hausten er det tid for kommunestyre- og fylkestingsval, og det går mot ein spanande seinsommar.

Kort om valet

Kommunestyret er det øvste politiske organet i ein kommune. Representantane i kommunestyret vert valde av innbyggjarane, og styrer i fire år.

Kommunestyra i Norge utøver om lag den same rolla i kommunane som Stortinget gjer for heile landet. Kommunestyremedlemmane representerer oftast politiske parti, men det er ikkje uvanleg med lokale bygdelister og tverrpolitiske lister.

Minimum fem av kommunestyret sine faste medlemmar vert valde til å sitte i eit formannskap. Formannskapet førebur saker for kommunestyret og har mynde til å ta avgjersler i mindre saker, eller i spesielle hastesaker. Kommunestyret vel eit av medlemmane i formannskapet til å bli ordførar. Ordførar er det høgste tillitsvervet i ein kommune, og det er ordføraren som leier møtea i kommunestyret og formannskapet.

Kommuneadministrasjonen er ein egen stab av fast tilsette personar som vert leia av ein rådmann. Administrasjonen si oppgave er å førebu og gjennomføre det politikarane vedtek (lokalt og nasjonalt).

Fylkestinget er det øvste, folkevalde organ i fylkeskommunen. Det er fylkestinget som gjev rammene for den fylkeskommunale verksemda. Dette skjer gjennom vedtak om fylkesplan, økonomiplan og årsbudsjett.

Frå 1976 er representantane valde ved direkte val kvart 4. år, samstundes med kommunevalet.

Listeframlegg

Til valet 2011 har Gulen kommune motteke seks listeframlegg: Høgre, Venstre, Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti, Det Norske Arbeiderparti og Framstegspartiet.

Listene skal godkjennast av valstyret i kommunen før dei vert endelege. Kommunen kjem attende med informasjon om partilistene når desse er godkjende på

www.gulen.kommune.no

Røysting

Du har røysterett i Gulen kommune dersom du er norsk statsborgar, har fylt 18 år seinast

31.12.2011 og er registrert i manntalet som busett her 30.06.11. Er du usikker på om du er rett oppført i manntalet kan du sjekke dette heilt fram til valdagen ved å kontakte ekspedisjonsavdelinga på tlf. 57 78 20 00.

Manntalet er venta på plass ved kommunen i løpet av veke 27.

Tidlegrøysting og førehandsrøysting

Som ved valet i 2009 er det også i år høve til å tidlegrøyste. I perioden 1. juli til 9. august er det høve til å tidlegrøyste. Dette kan vere aktuelt t.d. om ein skal på eit langt opphald til utlandet før førehandsrøystinga startar. Ta kontakt med ekspedisjonen i Gulen kommune på tlf. 57 78 20 00 for å avtale tidspunkt. Ved tidlegrøysting er det ikkje eit krav om valkort, men hugs legitimasjon!

Ordinær førehandsrøysting tek til **10. august** og er mogeleg fram til og med **9. september**.

Førehandsrøystinga finn stad ved ekspedisjonsavdelinga i Gulen kommune. I tillegg vert det førehandsrøysting FOR ALLE INTERESSERTE på bu- og omsorgssentra ved ein bestemt dato før valet. Kunngjering av aktuell dato for dette vert å finne på heimesida og utsendt skriv frå kommunen i sommar.

Alle røysteføre skal få tilsendt valkort. Kortet bør takast med når du skal røyste.

Gulen kommune kjem i løpet av sommaren til å sende ut eit ekstra skriv til alle husstandar i kommunen, med meir informasjon om valet. Informasjon vert i tillegg lagt ut fortløpande på våre heimesider. Sjå elles www.valg.no

Kranshinnelav (*Leptogium burgessii*)

For 2-3 år sidan fekk Gulen kommune eit postkort frå miljø- og utviklingsminister Erik Solheim. Kvar kommune fekk tildelt ei art frå Norsk Raudliste (som inneheld oversikt over truga arter). Postkortet skulle minne oss på (viktig innsats for) å ta vare på naturmangfaldet, og vi skulle ha eit spesielt ansvar for Kranshinnelav.

Det skal vere ein kjent lokalitet med kranshinnelav i Gulen. Denne sørvestlege lavarten veks på stammar av lauvtre og mosedekte bergveggar. Kranshinnelav er oppført på raudlista som "sårbar" pga. at lokalitetane gror att, styvingstre forsvinn pga. hogst.

Har du sett denne lavtypen i Gulen? I så fall kunne det vore kjekt å få vite kvar, og gjerne fått eit bilete.

Plan-nytt

Nærare informasjon finn du på nettsida:
www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt

Kommunedelplan for Sløvåg – Steine – Skipavik

Planen pågår og arbeidet med konsekvensutgreiing av innspel og merknader er snart ferdig. Han er planlagt som framlegg for 1. gongs offentleg ettersyn før sommaren.

Kommunedelplan for Eivindvik

Planen var på sakslista i formannskapsmøte i mars som meldingssak. Vedlegg i statusmelding oppsummerte alle innspel og merknader med visning på kart over planområdet.

Reguleringsplanar

Planprogram for regulering av Nappen hyttegrennd er godkjent med merknad om å leggje ut både fritidsbustader og bustadfelt. Planen for Botnen campingplass, gbnr. 135/1, er klar til godkjenning i kommunestyret, til liks med endring av reguleringsplan for Hjartholm, gbnr. 135/2, 12 og 136/6.

Det vart halde informasjonsmøte om kabelferje til Hisarøy 9. mai. Referat og presentasjon frå Statens vegvesen finst på heimesida.

Planoppstart for Kvernevågen, gbnr. 91/31, 34 m.fl. Mjømna, er kunngjort 05.05.11. Fristen for innspel er 20.06.11. Formål er å leggje ut spreidd busetnad knytt til næring og fritid.

Prosjekt

Strandsoneanalyse for Sløvåg, Brandangersundet og Eivindvik er ferdig. Rapport og plankart viser sårbare områder i strandsona. Rapporten fungerer som rettleiar ved vurdering av innspel til planar og handsaming av søknader innan strandsona.

Har du spørsmål om demens?

815 33 032
Demenslinjen

Viss du ønskjer å komme i kontakt med demensteamet i Gulen kommune kan du ringe: 416 10 972 eller 957 02 551 frå måndag til fredag mellom klokka 12.00 og 16.00.

Demensteamet i Gulen kommune.

Viltforvaltning

Merke- og utviklingsprosjektet for Hjort – Hordaland og Sogn

Gulen kommune slutta seg til prosjektet og fekk vinteren 2010 merkt 3 koller på Eidsbotn. Det eine dyret vart diverre skote på Lindåslandet, men dei andre 2 kollene er i aktivitet. Desse har nummer 21 og 22.



Vinteren 2011 fekk vi merkt 2 dyr på Takle, ein bukk og ei kolle. Kolla har fått nummer 28 og bukken nummer 31.

Dyra er merka med GPS-sendar og bevegelsesmønsteret deira kan du følgje ved å logge deg inn på www.hordahjort.no

Resultatet frå Vårteljinga av hjort 2011 er no avslutta. Det er framleis mykje hjort i Gulen og indre og høgareliggende strok har fått ein merkbar auke. Siste teljedagen, 6. mai, gav lågare tal. Dette kan skuldast fleire ting, men iflg. merkeprosjektet kan ein sjå at hjorten er begynt å trekke mot sommarbeite, det var mykje gylle på bøane og det kom regn så hjorten held seg i utkanten av bøane og var vanskeleg å sjå.



HJORTETELJING PÅ INNMARK VÅREN 2011								
TELJERUTE	Hjort	Hjort	Hjort	Hjort	Hjort	Lengd	Hjort	
	15. april	29.april	6. mai	Totalt	Snitt	km	pr km	Kontaktperson
1. INDRE OPPEDEL - KRINGLA	120	132	70	322	107,3	32	3,4	Ivar Yndesdal
2. INST TAKLE- BREKKE .YNNESDAL	119	155	110	384	128	27	4,7	Helge Årskog
3. HANTVEIT - KJELBY- AUSTGULEN - BOTNEN	100	149	159	408	136	32	4,3	Ivar Hantveit
4. BREIDVIK - BOTNEN	97	87	69	253	84,3	14	6	Anfred Hjartholm
5. EIVINDVIK - NORDG - NESE - RUTLED - BROSVIK	110	145	75	330	110	35	3,1	Roar Elnes
6. VATNE- DINGJA -EIVINDVIK	72	68	43	183	61	18,5	3,3	Einar Asb. Thune
7. LEVERSUND - DALSYRA - HØYVIK	65	46	23	134	44,6	21,5	2,1	Ron Overdevest Arne Jonn Romøren
8. SÆTERNES - EIDE - HALSVIK	120	84	8	212	70,7	28,5	2,5	
9. SANDØY	74	42	18	134	44,6	19	2,3	Erling Nesse
10. BYRKNESØY - MJØMNA	3	7	0	10	3,3	25	0,1	Reidar Byrknes
11. HISARØY	1	10	15	26	8,7	11	0,8	Kjell O Stendal
SUM	881	925	590	2396	63,5	23,3	2,7	



Dette skjer i kyrkja

2. juni (Kr. himmelf.dag)

kl. 11.00:

Gudsteneste i Gulen kyrkje



5. juni kl. 11.00:

Gudsteneste i Mjømna kyrkje

12. juni (pinsedag):

Kl. 11.00: Gudsteneste i Gulen kyrkje

Kl. 15.30: Gudsteneste i Mjømna kyrkje

13. juni (2. pinsedag) kl. 11.00:

Gudsteneste i Brekke kyrkje

19. juni kl. 11.00:

Gudsteneste på Alværa Misjonssenter i Lavik (Alværastemne)

26. juni kl. 11.00:

Gudsteneste i Mjømna kyrkje

3. juli kl. 15.30:

Gudsteneste i Gulen kyrkje

10. juli kl. 11.00:

Gudsteneste i Brekke kyrkje

17. juli kl. 15.00:

Familiegudsteneste på Tønnefloftet i Dingja

24. juli kl. 15.30:

Gudsteneste i Mjømna kyrkje

31. juli kl. 13.00:

Utegudsteneste ved kongestatua på Skjerjehamn

7. august kl. 11.00:

Gudsteneste i Gulen kyrkje

14. august kl. 15.30:

Gudsteneste i Brekke kyrkje

21. august kl. 15.30:

Gudsteneste på Byrknes Bedehuskapell

28. august kl. 11.00:

Gudsteneste i Gulen kyrkje

4. september kl. 11.00:

Gudsteneste i Brekke kyrkje

11. september kl. 11.00:

Gudsteneste i Mjømna kyrkje



Gulen

Fiskarbøndemuseum

5 9 7 0 Byrknesøy

Stilling ledig som dagleg leiar

Gulen fiskarbøndemuseum søker dagleg leiar i 1/5 stilling.

Snarleg tilsetjing. Løn etter avtale.

For ytterligare opplysningar kontakt:

Torill Birknes, tlf. 901 28 362 eller

Øyvind Lid, tlf. 907 68 163